



# Retningslinjer for lokalt gitt, munnleg og munnleg- praktisk eksamen i Kinn, Sunnfjord, Stad, Gloppen, Bremanger og Stryn

---

## Innhold

1. Ansvar.....	s 3
2. Omgrepsavklaringar.....	s 3
2.1 Munnleg eksamen.....	s 3
2.2 Munnleg- praktisk eksamen.....	s 4
2.3 Sensor og faglærer.....	s 4
2.4 Fagsamtale.....	s 4
3. Rammer.....	s 4
3.1 Munnleg eksamen- norsk, samfunnsfag, engelsk, framandspråk, KRLE, fordjuping i norsk og engelsk.....	s 4
3.2 Munnleg- praktisk eksamen- matematikk, naturfag, fordjuping i matematikk og arbeidslivsfag.....	s 5
4. Fristar.....	s 5
5. Fasar i eksamensavviklinga, informasjon.....	s 6
5.1 Førebuing og oppmelding til munnleg/ munnleg- praktisk eksamen.....	s 6
5.2 Førebuing for faglærerar og sensor.....	s 7
5.3 Førebuingar for elevane.....	s 9
5.4 Fråver.....	s 10
6. Gjennomføring på eksamensdagen.....	s 10
6.1 Tidsrammer munnleg eksamen.....	s 10
6.2 Tidsrammer munnleg- praktisk eksamen.....	s 10
6.3 Utstyr.....	s 10
6.4 Fagsamtale.....	s 11
6.5 Vurdering og karakterfastsetting.....	s 11
7. Kvalitetssikring og etterarbeid.....	s 12
7.1 Dokumentasjon.....	s 12
7.2 Listeføring og avlønning.....	s 12
8. Klage.....	s 12
9. Vedlegg	
Felles mal for faglærarrapport.....	s 13
Felles mal for melding om sensoroppdrag.....	s 16
Felles mal for rettleiing.....	s 17
Felles mal for fagsamtalen.....	s 20

Føremålet med felles retningslinjer for kommunane, er å få ein mest mogleg lik praksis for avviklinga av den lokalt gjevne eksamen. Dette sikrar like førebuingvilkår, like omfattande oppgåver og eit likt vurderingsgrunnlag.

Kommunane avgjer om dei vil nytte dei felles retningslinjene. Om den enkelte kommune vedtek **retningslinjene**, vil dei vere forpliktande for skuleeigar, den einskilde skule og for lærarar og sensorar som er medverkande i gjennomføringa av lokalt gitt eksamen.

Desse felles retningslinjene er ei fortolking av dei sentralt gjevne rammene i forskrift og rundskriv.

## 1. Ansvar

Ansvar for gjennomføring av munnleg/munnleg praktisk eksamen er lagt til skuleeigar, for grunnskulen er dette kommunen, jf. Forskrift til opplæringslova, §3.23.

Denne instruksjonen er forpliktande for skuleeigar, for den einskilde skule i kommunen og for faglærarar og sensorar som medverkar til å gjennomføre munnleg/munnleg praktisk eksamen i regionen.

Rektor har ansvar for gjennomføringa av munnleg/munnleg praktisk eksamen ved sin skule. Spørsmål som ikkje er omtalt i denne instruksjonen, eller som er knytt til skulen sine egne rutinar, vert avklart av rektor.

## 2. Omgrepsavklaringar

### 2.1 Munnleg eksamen

Omgrepet «munnleg eksamen» er i Forskrift til opplæringslova, og i skriv frå Utdanningsdirektoratet brukt saman med omgrepa «lokalt gitt eksamen» og «lokalt gitt munnleg eksamen». I denne instruksjonen vert nemninga «munnleg eksamen» brukt i tråd med nemninga i dei siste skriva frå Utdanningsdirektoratet.

Elevar og lærarar bør tidleg og seinast ved oppstart av 10. tinn bli gjort merksame på rammene for munnleg og munnleg- praktisk eksamen.

### 2.1 Munnleg- praktisk eksamen

Munnleg-praktisk eksamen er ein kombinasjon av munnleg eksamen og praktisk eksamen. Kombinasjonen av to eksamensformer gjev rom for å bruke ulike oppgåvetypar som inkluderer praktisk bruk av kunnskap og ferdigheiter. Skulen har ansvar for innkjøp til det praktiske. Der elevane jobbar i par skal begge vise noko praktisk, og dei får individuell vurdering.

## 2.3 Sensor og faglærer

Ved eksamen skal det vere to sensorar, den eine er eleven sin faglærer. Ekstern sensor blir i denne instruksen brukt som nemning på den av sensorane som ikkje er eleven sin faglærer.

## 2.4 Fagsamtale

Fagsamtalen omfattar heile den dialogen elevar, faglærer og sensor har på eksamensdagen. Dette femner om presentasjon, praktiske oppgåver, oppklarande spørsmål og dialog rundt problemstillinga slik at eleven får vist størst mogleg kompetanse. (Sjå også punkt 6.4)

## 3. Rammer

I region Sunnfjord/ Nordfjord nyttar vi ei eksamensform med følgjande rammer:

### 3.1 Munnleg eksamen – norsk, samfunnsfag, engelsk, framandspråk, KRLE, fordjuping i norsk og i engelsk.

- Elevane får opplyst eksamensfag 48 timar før eksamensdagen.
- Elevane skal trekke eksamensoppgåva 24 timar før eksamensdagen.
- Elevane skal førebu ei fagsamtale rundt eksamensoppgåva i løpet av 24 timar før eksamensdagen.
- Elevane skal ha tilgang til digitalt utstyr og internett under førebuinga.
- Elevane skal møte begge førebuingdagane. Eleven har rett på fagleg rettleiing.
- Elevane skal gå opp til eksamen enkeltvis, i par eller unntaksvis i grupper på tre.
- På eksamensdagen vert det sett av inntil 30 min. pr. elev

### 3.2 Munnleg-praktisk eksamen – matematikk, naturfag, fordjuping i matematikk og arbeidslivsfag.

- Elevane får opplyst eksamensfag 48 timar før eksamensdagen.
  - Elevane skal trekke eksamensoppgåva 24 timar før eksamensdagen.
  - Elevane skal førebu ei fagsamtale og ein praktisk del innanfor eksamensoppgåva i løpet av 24 timar før eksamensdagen.
  - Elevane skal ha tilgang til digitalt utstyr og internett under førebuinga.
  - Elevane skal møte begge førebuingdagane. Eleven har rett på fagleg rettleiing.
  - Elevane kan gå opp til eksamen enkeltvis, i par, eller unntaksvis i grupper på tre.
- 
- På eksamensdagen vert det sett av inntil 45 min. pr. elev

## 4. Fristar

Det skal vere ein koordinator for Sunnfjord og Kinn, og ein for Stad, Gloppen, Bremanger og Stryn. Desse vert under omtala som regionsansvarleg. Regionsansvarleg har ansvar for sensorinnhentinga. Fristane gjeld for region Sunnfjord/ Nordfjord.

- Innan 1. juli:           Regionen fastset datoar for lokalt gitt eksamen og fordeler skulane på datoar komande skuleår. Eksamen skal fordelast på to puljer, slik at faglærarar kan vere både intern og ekstern sensor.
- Innan 1. februar:      Kvar skule må melde inn lærarar som tek på seg sensoroppdrag til skulefagleg ansvarleg. Skulen må melde inn 20% sensorar meir enn skulen treng av eksterne sensorar.
- Innan 15. feb.           Kommunen sender oversikt over moglege sensorar til regionsansvarleg.
- Innan 1. april.           Regionsansvarleg fordeler sensorar til kommunane.  
oversikt                 Skulane sender oversikt over val av eksamensform og  
                              over faglærarane til skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Innan 1. mai.           Skulefagleg ansvarleg trekkjer eksamensfag og tildeler eksterne sensorar til skulane. Dette må skje i ein dialog med skulane.

**14 dagar før**           **Sperrefrist:** 48 t før eksamen tek til.  
Rektor ved prøveskolen skal *14 dagar før sperrefristen går ut:*

**Sperrefristen** -Gi melding til rektor ved den skulen der sensorane kjem frå om prøvefag, prøvemodell, prøvetidspunkt, klasse/parti/grupper, tal elevar og namn på faglærar og sensor.  
- Syte for oversending av fagrapportar til rektor på sensor sin skule.

**7 dagar før sperrefristen** Rektor ved sensorskulen skal *7 dagar før sperrefristen går ut*:  
- informere dei lærarane ved eigen skule som skal fungere som sensorar, og sørge for at dei får alle relevante opplysningar.

Rektor ved prøveskulen skal *7 dagar før sperrefristen går ut*:  
- la dei faglærarane det gjeld, få dei opplysningane som er nødvendige for å førebu seg til prøva før sperrefristen.

**Rektorane må informere sensorar og faglærarar om at alle opplysningar om trekkfag er konfidensielle.**

For meir detaljerte opplysningar, sjå side 8.

## 5. Fasar i eksamensavviklinga – informasjon

### 5.1 Førebuing og oppmelding til munnleg/ munnleg- praktisk eksamen

#### *Elevane:*

- Elevane blir i starten på 10. trinn gjort kjent med rammer og reglar for eksamenane.
- Elevane får informasjon og rådgiving om val av ulike eksamensformer, enkeltvis, par, gruppe.
- Elevane får i løpet av 10. trinn øve på ein prøvesituasjon som fortonar seg slik som eksamen skal gjennomførast.
- Elevane er kjende med mål og vurderingskriterium.
- Elevane har erfaringar med eksamensliknande tema/ problemstillingar.
- Elevane har erfaringar med korleis rettleiing vert gitt. Rettleiinga skal presisere prosedyrar for eksamensgjennomføringa, klargjere tema og vurderingskriteria for elevane. Rettleiinga skal ikkje gje instruksjonar om bestemte løysingsmåtar eller etablere avtalar om korleis elevane skal svare på spørsmål.
- Elevane har erfaring med bruk av digitalt utstyr og korleis ein praktisk del vert gjennomført.
- Elevane har erfaring med samtalar, samarbeid og presentasjon saman med lærar og andre elevar.
- Elevane og dei føresette har fått informasjon om reglane for klagerett knytt til munnleg/ munnleg- praktisk eksamen.

### Skulen:

- Skulen må melde sensorar til lokal gitt eksamen til den personen i regionen som kvart år har det praktiske ansvaret for sensorinnhentinga. Det er ein koordinator for Sunnfjord og Kinn, og ein for Stad, Gloppen, Bremanger og Stryn. Sensorane skal innmeldast innan 1. februar.
- Skulen set opp eksamenspartia i god tid før eksamensperioden.
- Skulen melder opp eksamensparti på inntil 10 elever til kommunalsjef innan 1. april. Alle elevar i partiet vil få eksamen i same fag med unntak av elevar som er trekte ut i matematikk/ naturfag/ framandspråk/ fordjuping i matematikk/ arbeidslivsfag.
- Trekking av eksamensparti i matematikk/ naturfag/ framandspråk/ fordjuping i matematikk/ arbeidslivsfag «overstyrer» andre eksamensparti.
- På grunn av lenger tid på munnleg praktisk eksamen kan truleg fleire skular måtte gjennomføre eksamen over to dagar.

## 5.2 Førebuingar for faglærarar og sensor

### Samarbeid mellom faglærar og ekstern sensor

Faglærar og ekstern sensor får beskjed om eksamensfag fem skuledagar før eleven får melding om eksamensfag. Desse fem dagane står til rådvelde for ekstern sensor og faglærar til å gjere naudsynte avklaringar og førebuingar. Det er faglærar som har hovudansvaret for å etablere kontakt med ekstern sensor. Dersom faglærar ikkje tek eit slikt initiativ i løpet av den første dagen, må ekstern sensor ta kontakt med rektor på eksamensskulen.

### Fagrapport

Innan faglærar og ekstern sensor får beskjed om trekkfag, må faglærar ha utarbeidd ein fagrapport. Fagrapporten presiserer korleis elevgruppa har arbeidd for å nå alle kompetansemåla i læreplanen i faget.

- Fagrapporten byggjer på alle kompetansemåla i læreplanen
- Fagrapporten klargjer kva for nokre kjerneelement og kompetansemål som har vore vektlagt innanfor dei ulike emna, tverrfaglege tema, prosjekt eller liknande.
- Fagrapporten klargjer kva for nokre arbeidsmåtar, læringsmetodar, vurderingskriterium, læremiddel og utstyr som har vore nytta i dei ulike emna, tema, prosjekt eller liknande.

Rektor er ansvarleg for at fagrapporten er ferdig i tide, og godkjenner den. Fagrapporten vert gjort kjent for sensor i samband med opplysninga om trekkfag. Kompetansemåla i læreplanen og fagrapporten er grunnlaget for utarbeiding av eksamensoppgåver.

### Kva skal rektor gjere kjent for sensor/rektor på sensor sin skule?

Melding om sensoroppdrag vert sendt til rektor på sensor sin skule på e-post eller i websak, i god tid før eksamen. (Malar som kan brukast til dette ligg nedst i denne instruksjonen).

Meldinga skal innehalde:

- fag
- skule
- dato for eksamen
- namn på faglærer
- fagrapport

Sensor skal ikkje få opplysningar om kva for ei klasse dei skal sensurere elevar frå.

### Kva skal rektor gjere kjent for faglærer?

**7 dagar** (arbeidsdagar) før eksamensdagen skal faglærer få opplysningar om:

- fag
- sensors namn
- sensors skule

Rektor skal ikkje opplyse om kva for ein klasse elevane kjem frå.

**2 dagar** før eksamensdagen, på same tidspunkt som elevane, skal faglærer få opplysningar om:

- namn på elevar og evt. gruppe

### Kva skal rektor gjere kjent for elevane?

2 dagar før eksamensdagen får elevane opplysningar om:

- fag
- namn på faglærer

### Kva skal ikkje gjerast kjent for elevane:

- sensor sitt namn skal ikkje gjerast offentleg for elevane. Elevane blir presentert for sensor på eksamensdagen.

### Forslag til oppgåver

Faglærer utarbeider forslag til eksamensoppgåver til munnleg/munnleg-praktisk eksamen. Det vert utarbeidd eit naudsynt tal eksamensoppgåver til eksamenspartiet i faget. I tillegg førebur faglærer spørsmål til fagsamtalen. Desse er ukjente for elevane før eksamensdagen, og har som føremål å utdjupe eleven si kompetanse innanfor temaet og gje eleven moglegheit for å vise heilskapleg kompetanse i faget. Ekstern sensor vurderer saman med faglærer om eksamensoppgåvene gjev

grunnlag for å vurdere breidde og djupne ved eleven sin kompetanse slik denne er skildra i læreplanen og i fagrapporten. Ekstern sensor og faglærer drøftar hovudlinjene for dei kriteria som skal brukast for vurdering av elevsvara.

### 5.3. Førebuingar for elevane

#### Eksamensoppgåver

Eleven trekkjer mellom dei utarbeidde eksamensoppgåvene. Eksamensoppgåvene skal ikkje instruere elevane, men dei kan ha både obligatoriske og valfrie element.

Eksamensoppgåvene skal gje eleven informasjon om dei viktigaste kriteria for vurdering, og kan også innehalde lenkjer til nyttige nettstader og tilvising til andre kjelder.

#### Elevane sine moglegheiter, rettar og plikter

Elevane kan velgje om dei vil ta eksamen individuelt eller i gruppe på to eller tre. Elevane skal ha innverknad på korleis samarbeidsgruppene blir sett saman, men det er skulen som til slutt avgjer kva for elevar som skal utgjere ei gruppe. Elevane har rett til å velgje å gå opp til eksamen individuelt. Retten til å velgje individuell eksamen gjeld fram til rett etter at eksamensfaget er kjent for elevane – 48 timar før eksamensdagen.

Elevane skal i heile førebuingssperioden ha tilgang til digitalt utstyr og internett. Skulen bør leggje til rette for at elevgruppene får arbeide så uforstyrtra av andre aktivitetar på skulen, som det er praktisk mogleg å gjennomføre. Elevgrupper som ønskjer det, kan i delar av førebuingssperioden arbeide andre stader enn på skulen, men skulen bør bidra til at elevgruppa i tilstrekkeleg grad får førebu seg samla.

Det er ingen krav til presentasjon. Dette gjev større fleksibilitet for korleis elevane bruker førebuingss- og eksamenstida. For ein del elevar kan det å ha regi på oppstarten av eksamen bidra til å gje føreseielege og trygge rammer. Presentasjon kan framleis bli brukt til munnleg/munnleg-praktisk eksamen, men det vil vere frivillig. Avhengig av kva for eksamensoppgåve elevane har trekt, skal elevane få moglegheit til å førebu seg på ein måte som gjer dei i stand til å vise kompetansen sin. Elevane har sjølv ansvar for at utstyr som blir brukt, fungerer. Dersom utstyr sviktar undervegs, skal fagsamtale likevel gjennomførast. Dersom elevar har krav på særskilt tilrettelegging av eksamen, tar rektor avgjerd i tråd med Forskrift til opplæringslova, § 3-29.

#### Rettleiing

Elevane har rett til rettleiing i førebuingssfasen. Skulen syter for at fagleg rettleiing er tilgjengeleg for elevane i førebuingstida, og at lærarane er tilgjengelege i ordinær skuletid. Skulen set opp ein rulleringsplan for når dei ulike elevane kan få rettleiing.

Rettleiinga har fleire føremål:

- å presisere prosedyrar for eksamensgjennomføringa
- å klargjere eksamensoppgåvene sine tema/problemstillingar.
- å gje tilgang til praktisk materiell som elevane ønskjer å nytte
- å klargjere vurderingskriteria.
- å bidra til like moglegheiter for alle.
- å bidra til godt samarbeid og gode relasjonar i eventuelle par og gruppe.

Rettleiinga må ikkje:

- gje elevane instruksjonar om ein bestemt løysingsmåte.
- etablere avtalar om korleis elevane skal svare på spørsmål i fagsamtalen.

Elles sjå mal for rettleiing.

## 5.4. Fråvær

Elevar som ikkje møter på førebuingdagane må bli kontakta for å avklare grunnen til fråværet. Rektor avgjer om eleven likevel kan gjennomføre eksamen. Elevar som ikkje møter på eksamensdagen, må levere legeerklæring.

## 6. Gjennomføring på eksamensdagen

### 6.1 Tidsrammer munnleg eksamen

Det blir sett av inntil 30 minutt pr. elev til gjennomføring. Karaktersettinga (samtalen mellom faglærer og sensor) er ikkje ein del av desse 30 minutta.

### 6.2 Tidsrammer munnleg-praktisk eksamen

Det blir satt av inntil 45 minutt pr. elev til gjennomføring. Karaktersettinga (samtalen mellom faglærer og sensor) er ikkje ein del av desse 45 minutta.

### 6.3 Utstyr

Ved avslutninga av førebuingperioden klargjer elevane det utstyret dei planlegg å bruke i eksamensrommet. Faglærer kan gje elevane hjelp/rettleiing både i førebuingperioden og ved oppstart på eksamensdagen. Skulen bør lage ei liste for kva utstyr elevane har høve til å nytte.

## 6.4 Fagsamtale

Eleven førebur ein fagsamtale med faglærer og sensor. Eleven kan velgje å ha ein presentasjon, eller starte fagsamtalen på valfri måte. Fagsamtalen har som føremål å utdjupe eleven sin kompetanse innanfor temaet/problemstillingane. Gjennom fagsamtalen skal eleven bli gjeven moglegheit for å vise heilskapleg kompetanse i faget. Eleven kan prøvast i fleire relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av eksamensoppgåva.

Fagsamtalen har fleire føremål:

- å dokumentere elevane sitt kompetansenivå innanfor dei felte elevane har valt å leggje vekt på.
- å dokumentere elevane si kompetanse på område som er sentrale innanfor eksamensoppgåva, men som elevane ikkje har fokusert på.
- å dokumentere elevane sin heilskaplege kompetanse i faget.
- å klargjere den einskilde eleven sin kompetanse gjennom fagsamtalen.

Dersom det i spesielle høve er behov for det, kan det stillast grunnleggjande spørsmål i faget, med sikte på å få fram sider ved eleven sin heilskaplege kompetanse.

Faglærer har ansvaret for og styrer kommunikasjonen med eleven(ane) i eksamenssituasjonen. Innanfor dei rammene faglærer legg, kan ekstern sensor delta i samtalen med eleven(ane). Både ekstern sensor og faglærer har plikt til å bidra til god kommunikasjon og til å skape tryggleik for elevane.

Elles sjå mal for fagsamtale.

## 6.5 Vurdering og karakterfastsetting

Ekstern sensor har hovudansvaret for vurdering av eleven. Faglærer har plikt til å delta i vurderinga som sensor. Ved usemje fastset ekstern sensor karakteren.

- Grunnlaget for vurdering er dei kompetansemåla i læreplanen som er relevante innanfor eksamensoppgåva, og fagrapporten. Det er den einskilde eleven sin kompetanse, slik den kjem frem i eksamenssituasjonen, som skal vurderast. Karakterane skal gjerast kjent for elevane med det same etter at ei elevgruppe\* er ferdig, og ekstern sensor og faglærer har drøfta karakterfastsettinga. Elevar som vel å gå opp i gruppe på to eller tre blir vurdert individuelt. Det er ekstern sensor som gjer kjent og grunnjev karakterane for elevane.

\*Ei elevgruppe vert forstått som halv dag. Karakteren for kvar elevgruppe blir gjort kjent midt på dag, og på slutten av dagen.

## 7. Kvalitetssikring og etterarbeid

### 7.1 Dokumentasjon

Sensor gjer notat under fagsamtalen. Notata må arkiverast i inntil 1 år. Desse notata kan bli etterspurt i samband med klage eller som dokumentasjon i samband med formelle feil som kan vere gjort.

### 7.2 Listeføring og avlønning

Skulen har ansvar for å administrere listeføring i samband med munnleg eksamen. Ekstern sensor skriv under karakterlistene ved avslutning av eksamensdagen. Ekstern sensor gjev samstundes opp skattedata til skulen. Rektor godkjenner karakterlister.

## 8. Klage

Dersom ein eller fleire av partane har innvendingar mot gjennomføringa av eksamen, skriv rektor protokoll om tilhøvet, og dei involverte partane skriv under protokollen.

Ved lokalt gitt eksamen (munleg eksamen) kan det berre klagast på formelle feil som kan ha hatt innverknad på resultatet. Formelle feil kan vere:

- inhabilitet
- feil ved oppnemning av sensor
- feil knytt til eksaminasjonen
- gjeldande reglar for karaktersetjing er ikkje følgde
- eleven kjenner ikkje vurderingskriteria
- eksamensoppgåvene er ikkje innanfor mål i læreplanen
- eleven får ikkje bruke den tida han/ ho har krav på
- eleven vert avbroten av uro
- eleven er ikkje informert om den delen av eksamensinstruksen som vedkjem dei
- eleven møter ei organisering rundt eksamensavviklinga han/ ho ikkje har blitt informert om på førehand eller prøvd i tidlegare
- rettleiinga under førebuinga har mangla eller vore mangelfull
- Dersom klagaren får medhald, vil gitt karakter gå ut og eleven får høve til å gå opp til ny eksamen – med ny sensor i same fag eller nytt fag. Normalt vil dette først kunne gjennomførast påfølgjande haust.

## Vedlegg

### Felles mal for fagrapport.



Faglærarrapport Sunnfjord/ Nordfjord region:

Mal for faglærarrapport Sunnfjord/ Nordfjord region:	
Skule:	
Adresse:	
Tlf:	
Fag:	
Klasse:	
Faglærer (namn, tlf, e-post):	
Læreverk (forlag, forfatter, utgåve, årstal):	
Andre læremiddel:	
Organisering av eksamen (tal elever, ev. par, grupper, tidsplan):	

Innhald:

Tema	Kompetansemål	Arbeidsmåtar	Vurderingskriterier	Merknad

Generell kommentar:

Gjennomføring av undervisninga, organisering og ev. særlege tilhøve som påverkar undervisning og vurderingssituasjonen:

Framlegg til vurderingskriterier for munnleg prøving:

Døme på vekeplan/ arbeidsplan. Ev. lokal læreplan (årsplan). Tverrfaglege prosjekt o.a.

Vedlegg:

-----  
Sign faglærer

-----  
Sign rektor

## Felles mal for melding om sensoroppdrag.



Melding om sensoroppdrag:

Melding om sensoroppdrag:	
Skule:	
Adresse:	
Tlf:	
Fag:	
Dato for eksamen:	
Faglærer (namn, tlf, e-post):	
Fagrapport:	

## Felles mal for rettleiing.



Mal for rettleiing Sunnfjord/ Nordfjord region:

Mal for rettleiing Sunnfjord/ Nordfjord region:	
Gjennomgang av prosedyrar for eksamensgjennomføringa	
Klargjering av eksamensoppgåvene sine tema/ problemstillingar	

Gje tilgang til praktisk matriell som elevane ønskjer å nytte	
Klargjering av vurderingskriteria	

Bidra til like moglegheiter for alle	
Bidra til godt samarbeid og gode relasjonar i eventuelle par og gruppe	

Rettleiinga må ikkje:

- Gje elevane instruksjonar om ein bestemt løysingsmåte
- Etablere avtalar om korleis elevane skal svare på spørsmål i fagsamtalen

## Felles mal for fagsamtalen.



Mal for fagsamtalen Sunnfjord/ Nordfjord region:

Mal for fagsamtalen Sunnfjord/ Nordfjord region:	
Elev:	Skule:
Presentasjon	Tema og problemstilling:
Innhald – tema, problemstilling der eleven vel andre presentasjonsformer	Tema:  Problemstilling:

<p>Tema:</p>	<p>Del 1:</p> <p>Del 2:</p> <p>Del 3:</p> <p>Del 4:</p> <p>Del 5:</p>
<p>Område som er sentrale innafor eksamensoppgåva, men som eleven ikkje har fokusert på:</p>	

Eleven sin heilskaplege kompetanse i faget:	
Eleven sin samla kompetanse gjennom fagsamtalen:	

Anna:

- Både faglærer og ekstern sensor kan stille grunnleggande spørsmål i faget, med sikte på å få fram sider ved eleven sin heilskaplege kompetanse

*NB: Malen for fagsamtalen kan nyttast som vurderingsskjema*